



SMITTEVERNPLAN FOR OSTERØY VGS - GULT NIVÅ.

Skuleåret 2020-2021 på gult nivå.

I samband med koronasituasjonen i landet har det vorte utarbeidd ein smittevernrettleiar for skulane. Her skil ein mellom tre ulike nivå av tiltak, raudt, gult og grønt nivå (trafikklysmodellen). For skuleåret 2020-2021, skal skulane operere etter gult nivå inntil vidare. For alle nivå er det tre grunnpilarar i arbeidet med å bremse koronasmitte: Desse er, i prioritert rekkefølge:

- 1. Ingen sjuke møter på skulen**
- 2. God hygiene og forsterka reinhald**
- 3. Kontaktreduserande tiltak.**

Ditt bidrag er det viktigste!

- Hald avstand
- Halde hendene reine
- Hald deg heime dersom du er sjuk
- Hald nede tal personar du omgår privat.

1. Ingen sjuke skal møte på skulen

Når skal ungdom og vaksne vere heime frå skule/arbeid og bli testa for covid-19?



1. Føler du deg sjuk, eller trur du det kan vere ein infeksjon på gang?



Hald deg heime.
Kontakt lege ved behov for hjelp.



2. Har du fått feber, hoste eller sår hals, blitt tungpusta eller mista smaks- eller luktesansen, eller har du mistanke om at du har fått covid-19?



JA

Kontakt teststasjon for å avtale testing.
Bli heime til prøvesvaret er klart.



NEI

Du kan gå på skule/arbeid når du er symptomfri.

3. Viste testen at du har covid-19?



JA

Du skal vere isolert.
Kommunen følgjer opp deg og nærkontaktane dine.



NEI

Du kan gå på skule/arbeid når du er feberfri og i fin form.
Lett hoste eller liknande som heng i, er ok!

Oppdatert 2020-09-25



For meir info sjå rettleiaren for smittevern her: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/ungdomsskole-vgo/>

Når sjukdom oppstår på skulen

Tilsette og elevar som blir sjuke mens dei er til stades på skulen må reise heim så snart det er mogleg. Dersom elev er under 18 år skal føresette varslast. Sjuke personar som må hentast av andre, må vente på eit eige rom eller ute der det ikkje er andre. Sjuke personar bør ikkje ta offentleg transport, om dei må skal dei nytte munnbind. Skulen har munnbind til ekstraordinære situasjonar.

Sjuke personar bør dekke til munn og nase (helst munnbind) om dei ikkje kan halde to meters avstand til andre for å redusere smittespreiing.

Leiar melder frå til reinhald som gjennomfører smittevask av alle rom, toalett og andre område der den sjuke har opphalde seg.

Rom 137 skal nyttast av elevar som ventar på å bli henta alle dagar unntatt onsdag. Onsdag skal rom 132 nyttast.

Ved stadfesta smitte

Tilsett med stadfesta smitte varslar straks næraste leiar.

Ved påvist covid-19 hos ein elev der smittesporing viser at eleven var på skulen i smittsam periode, og der ein ikkje har oversikt over kven som har hatt kontakt med kven, kan ein rekne alle faggrupper der eleven har vore til stades i undervisning som nærkontaktar. (Kilde: [fhi.no](https://www.fhi.no)).

Kommunehelsetenesta har ansvar for oppfølging av tilfelle med bekrefta covid-19 (smittesporing), og vil varsle skulen dersom elevar eller tilsette får bekrefta sjukdom. Det er kommunehelsetenesta som skal beslutte nødvendige tiltak og definere kven som er nærkontaktar til den sjuke.

Om det vert oppdaga smitte blant elevar/tilsette, og kommunale eller nasjonale myndigheter beslutter at det er behov for heving av tiltaksnivå, har skulen beredskapsplan for rask overgang til raudt nivå.

Skulen skal hjelpe med oversikt over nærkontaktar på skulen. Taushetsplikt og krav til personvern må overholdast.

Kommunehelsetenesta og skuleeigar må samarbeide om kven som skal informere dei ulike gruppene (elevar, føresatte, lærarar og andre tilsette) og på kva måte. Det er viktig å inkludera vikarar og midlertidig tilsette i informasjonsformidling, samt personar i andre kommunar som er tilknytta skulen der det har oppstått smitte.

Skulen må informera kommunehelsetenesta om behov for tolk.

Det er viktig å gje alle berørte nok informasjon, samtidig som taushetsplikt og krav til personvern vert ivaretatt.

- **Fråvær ved karantene / symptom - Avklåring frå Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse**

Ufrivillig fråvær pga symptom/karantene organiserast som Sjølvstendig studiearbeid.

Sjølvstendig studiearbeid innvilgast av avdelingsleiar og det skal ikkje førast fråvær.

Eleven melder i frå til kontaktlærer ved symptom eller karantene, og kontaktlærer tar kontakt med avdelingsleiar. Det krevjast ikkje legeerklæring i desse tilfella.

Faglærer må følgje opp eleven sitt arbeidet. Det er særst viktig at undervisningsopplegg er tilgjengeleg for eleven i LMS (IT's learning, Google classroom eller Teams) Ein må ha særskilt merksemd mot elevar på Vg1.

2. God hygiene og forsterka reinhald

Frå smittevernrettleiaren:

Reinhald:

- Hendene skal alltid reingjerast før bruk av berøringspunkt som sjakkbrett, bordtennisbord, vann automatar, og mikrobølgeomnar

Toalett og vaskeservantar vert vaska fleire gonger for dagen.

Eingongs papirhandkle og såpe skal vera tilgjengeleg og søppel vert tømt regelmessig.

Spisebord vert vaska etter bruk (personalrommet).

Dørhandtak, trappegelender og andre berøringspunkt vert vaska dagleg.

Dagleg vask av pultar /arbeidsplassar.

Alle tar eiga ansvar for vask av nettbrett, datamaskiner, tastatur og anna utstyr som vert delt av fleire. (NB. Utlånsordning for låne-pc, utlånsbøker). Be om klutar frå reinhald eller eingongsserviettar frå Gro.

AntiBac er tilgjengeleg i alle klasserom og i fellesareal.

Lokale tiltak:

God handhygiene:

Elevane skal vaske / sprita hendene når dei kjem på skulen om morgonen og elles ved behov.

Elevar som arbeider på verkstad får utdelt vaskeklutar til å halde reint utstyr dei brukar.

Reinhold klasserom som vert nytta av fleire

Klasserom som vert nytta av fleire elevar, skal pultar vaskast mellom klassebytte. Dette gjeld m.a. naturfagsalen (217) og klasseromma til studiespesialisering (sjå romplan). Elevane vaskar eigen pult når dei kjem inn i eit nytt klasserom. Lærar har ansvar for at reingjering er gjennomført. Utstyr blir plassert i klasseromma.

Praktisk gjennomføring

- Elevar tar med papir til tørk av eigen pult når dei kjem inn i klasserommet og har vaska hendene.
- Lærar dusjar kvar pult, og elev tørkar over eigen pult med papir.

Kantine:

Skulefrukost med buffét går ut. Som erstatning vert det laga til graut og brødsiver med enkelt pålegg, som vert servert av kantinestyraren.

Det skal nyttast antibac ved bruk av Vatn-automatane.

Utvida lunsj vert erstatta av aktivitetar på klasserommet ca. 2-3 gonger i halvåret (kl. 11.40-12.20).

3. Kontaktreducerande tiltak

Frå smittevernrettleiaren

- Elevar frå ei klasse skal ikkje gå inn i klasserom til andre elevar
- Elevar skal ha faste plassar i kvart klasserom
- Tilsette kan veksle mellom klassar, men bør halde avstand til elevar så langt råd er
- Utanfor klasserommet vert elevar og tilsette oppmoda til å halde ein meters avstand i alle situasjonar
- Unngå trengsel og store samlingar

Generelt

Unngå fysisk kontakt som til dømes klemming og handhelsing.

Klassen vert rekna som ein kohort.

Tilsette kan veksla mellom ulike kohortar/klasser for å gjennomføre undervisning.

Ved byte av klasserom, skal elevane vaske eller desinfisere hendene.

Elevar skal ha faste pultar/arbeidsplassar som er merka med namn.

For gjennomføring av språkfag, valfag, og andre fag der elevane er blanda, skal elevane verta plassert i klasserommet ut frå kohort, eller ha faste plassar i klasseromma som vert nytta av fleire klasser.

Ein bør unngå større samlingar.

Blanding av elevar på tvers av kohortar vert avgrensa der det er råd. Elevar skal berre opphalde seg i eigne klasserom, fellesareal eller ute.

Elevar vert oppmoda om å halde avstand i friminutt.

Unngå trengsel på veg inn og ut av undervisningslokala, i garderobar og på toalett. I trapper og korridorar, hald til høgre.

Grupper/kohortar kan passera kvarandre og vera kortvarig i same område (inntil 15 minutt).

Det er ikkje nødvendig å begrensa elevane sine vanlege bevegelser i klasserommet.

Ver merksam på at golvet er merka for å sikra avstand mellom folk i grupperom/klasserom, garderobar og andre område det kan oppstå trengsel.

Kantine/ mat

Elevane skal ikkje dela mat og drikke.

Elevane bør sitje på kvar sin pult når dei et.

Mat kan lagast til på skulen i samsvar med gjeldande retningslinjer for kantiner og serveringsstader.

Mat bør verta servert porsjonsvis. I kantina, skal ulike kohortar sitje med 1 meter avstand.

Materiell

Begrens deling av for eksempel skrivesaker, arbeidsverktøy, nettbrett og liknande.

Skulebøker og pc kan transporterast mellom skulen og heimen.

Læringsmateriell og liknande skal ikkje delast mellom kohortar før dei er gjort reine.

Smitteverntiltak for skuleskyssen i heile fylket

Les oppdatert informasjon på: <https://www.skyss.no/Verdt-a-vite/skoleskyss/korona-skolestart/>

Skyss følger til ei kvar tid dei nasjonale råda som gjeld smittevern i kollektivtrafikken. Per no gjeld gult nivå iht. trafikklysmoell i smittevernrettleiar for skulen. Følgjande retningslinjer gjeld for transport og skoleskyss på gult nivå:

- Bruk av offentleg transport til og frå skulen begrenses der det er mogleg.
- Ved bruk av offentleg transport, bør elevane halde avstand til andre.
- Skuleturar som inneber tette, store grupper av elever og på offentlege transportmidlar bør verte avgrensa.
- Elevar som er avhengig av skuleskyss, kan ta buss eller annan transport for å komme seg til og frå skolen. Elevar kan sitte eller stå saman på bussen, men bør halde avstand til andre reisande. Unngå kontakt ansikt til ansikt i størst mogleg grad.
- Elevane må halde avstand medan dei venter på bussen/anna transportmiddel.
- Ungdomsskuleelevar og vidaregåande elevar bør følgje gjeldande tilråding for bruk av munnbind på kollektivtransport i den aktuelle kommunen.

Retningslinjene over gjeld også skoleskyss utført med drosje.

Elevar som er sjuke eller har sjukdomssymptom skal ikkje reise med buss eller drosje. Dette gjeld sjølv ved milde luftvegssymptom.

Spesielt for tilsette:

Unngå handhelsing og klemming.

Hald avstand til kollegaer.

Der det er nødvendig med ulike faglærarar, kan lærarar ambulere på tvers av kohortar, mens kohortane har faste klasserom der det lar seg gjere.

Være ekstra merksam på hygiene rundt kjøkken/pauserom.

Begrens bruk av offentleg transport til og frå arbeidsplassen når det er råd.

Dersom det er tilsette/vikarar som arbeider på fleire skuler, skal dei få opplæring i gjeldande lokale rutinar på kvar skule.

Lokale tiltak

Ved skulestart har vi eige tidspunkt for oppmøte for Vg1-klassene, og lita og eiga gruppe med Vg2 og Vg3.

I Atriet vert elevane plassert klassevis.

Utdanningsprogramma vert, i den grad det er mogleg, halde frå kvarandre med eigne inngangar og toalett.

Tiltak som gjeld bibliotek:

Det er sett opp pleksiglas ved utlånskranka.

Det står antibac ved begge inngangar.

Biblioteket er stengt når det ikkje er bemanna. Ta kontakt med administrasjonen dersom det er behov for å låne noko utanom opningstidene.

Tiltak som gjeld kroppsøving og hall / garderobe:

Hall og garderobar kan nyttast som normalt.

I kroppsøving følgjer ein retningslinjene som gjeld for dei ulike idrettane.

Møterom:

Møteleiar har ansvar for at bord vert reingjort etter møtet.

Utstyr står på rommet (antibac og papir).